

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 41/2006

av 10. mars 2006

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område
utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 107/2005 av 8. juli 2005⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2004/387/EF av 21. april 2004 om samverkande yting av felles-europeiske elektroniske offentlege tenester til offentlege forvaltningar, føretak og borgarar (IDABC)⁽²⁾, retta ved TEU L 181 av 18.5.2004, s. 25.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2006 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Protokoll 31 til avtala endrast som fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEU L 306 av 24.11.2005, s. 45, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 24.11.2005, s. 28.

⁽²⁾ TEU L 144 av 30.4.2004, s. 65, retta ved TEU L 181 av 18.5.2005, s. 25.

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2006.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel, 10. mars 2006.

For EØS-komiteen

R. Wright

Formann

VEDLEGG

til avgjerd i EØS-komiteen nr. 41/2006

I protokoll 31 artikkel 17 (Telematisk datautveksling mellom administrasjoner (IDA)) vert det gjort følgjande endringar:

- a) Overskrifta vert som følgjer:
”Telematisk datautveksling”
- b) Teksta i nr. 1 vert som følgjer:
”EFTA-statene skal fra 1. januar 1997 delta i de av Fellesskapets prosjekter og tiltak som er nevnt i nr. 5 bokstav a), i samsvar med arbeidsprogrammet i tillegg 3 til denne protokoll, og fra 1. januar 2006 delta i de av Fellesskapets prosjekter og tiltak som er nevnt i nr. 5 bokstav b), i den grad disse prosjektene og tiltakene støtter andre programmer, tiltak o.l. som avtalepartene deltar i i henhold til denne protokoll.”
- c) I nr. 2 vert ”programmet” bytt ut med ”programmene”, og ”nr. 4” vert bytt ut med ”nr. 5”.
- d) I nr. 3 vert ”nr. 4” bytt ut med ”nr. 5 bokstav a)”.
- e) Etter nr. 3 skal nytt nr. 4 lyde:
”4. EFTA-statene skal fra starten av samarbeidet innenfor rammen av programmet nevnt i nr. 5 bokstav b), delta fullt ut, uten stemmerett, i de EØS-relevante delene av arbeidet til komiteen for felleseuropeiske elektroniske offentlige tjenester (Pan-European eGovernment Services Committee, PEGSO), som bistår Kommisjonen for De europeiske felleskap i gjennomføringen, styringen og utviklingen av programmet, når de EØS-relevante delene av programmet er berørt.”
- f) Nr. 4 vert nr. 5.
- g) Etter nr. 5 før det første strekpunktet skal ny bokstav a) lyde:
”a) med henblikk på deltakelse fra 1. januar 1997:”
- h) På slutten av nr. 5 skal ny bokstav b) lyde:
”b) med henblikk på deltakelse fra 1. januar 2005:

- **32004 D 0387**: Europaparlaments- og rådsavgjørd nr. 2004/387/EF av 21. april 2004 om samverkande yting av felleseuropeiske elektroniske offentlege tenester til offentlege forvaltningar, føretak og borgarar (IDABC) (EUT L 144 av 30.4.2004, s. 65), rettet ved EUT L 181 av 18.5.2004, s. 25.”